



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Eva Bendiksen, 5557 2051

Vår dato  
28.03.2014  
Dykkar dato

Vår referanse  
2014/4063 633.1  
Dykkar referanse

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

**Best.ref.: 2170evb**

### Tildelingsbrev - Ungdomstrinn i utvikling, pulje 2, prosjektnummer 62457

Skuleeigarar som deltar i pulje 2 i *Ungdomstrinn i utvikling* får stimuleringsmidlar. Store delar av midlane er øyremerka til frikjøp av ressurslærarar. Skuleeigar får også midlar til å dekke reiseutgifter knytt til samlingar i kompetanseutvikling for skuleeigarar, skuleleiarar og ressurslærarar i regi av Utdanningsdirektoratet.

Det øyremerka beløpet er berekna ut frå talet på lærarårsverk som underviser på ungdomstrinnet på kvar av dei skulane som deltar i pulje 2. Midlane til reisekostnader er fordelt ut frå lokale forhold, der det er tatt omsyn til talet på deltakarskular og reiseveg.

Frå Meland kommune deltar Meland ungdomsskule og Rosslund skule i pulje 2, og Fylkesmannen tildeler kommunen kr 221 985,- i stimuleringsmidlar. I tillegg får kommunen kr 35 000,- til å dekke reiseutgifter. Fylkesmannen tildeler såleis totalt **kr 256 985,-** til Meland kommune, kontonummer 1503 18 83722.

Målet med satsinga Ungdomstrinn i utvikling er å auke elevane sin motivasjon og meistring gjennom å gjere undervisninga i alle fag meir praktisk og variert. Dei tre sentrale verkemidla i satsinga er

- skulebasert kompetanseutvikling i klasseleing, rekning, lesing og skriving
- utvikling og bruk av pedagogiske ressursar
- læring i nettverk

#### Føringar for skuleeigar sin bruk av midlane

Skuleeigar har saman med leiinga på skulen eit overordna ansvar for utvikling og endring i skulen. Skulebasert kompetanseutvikling baserer seg på at lærarane deltar aktivt, at dei samarbeider med kollegaer og foreldre og at dei legg til rette for elevmedverknad i læringsarbeidet. Når det gjeld 1-10-skoler, kan rektor avgjere om heile personalgruppa skal delta i den skulebaserte kompetanseutviklinga, eller om utviklingsarbeidet skal avgrensast til lærarane på ungdomstrinnet.

Sjå meir informasjon om skuleeigar og skuleleiar si rolle i satsinga, kven som støtter skuleeigar og skuleleiar og tilbod om kompetanseutvikling på udir.no: [Plan for skulebasert kompetanseutvikling på ungdomstrinnet 2013 - 2017](#).

I arbeidet med satsinga er det forventa at skuleeigarane

- leiar utviklingsarbeidet på skulane i samarbeid med skuleleiinga og inkluderer ressurslærarane i planlegginga av arbeidet
- tar ansvar for analyse av ståstaden og utviklingsbehovet til skulane (til dømes ved hjelp av Ståstadsanalysen på [udir.no](http://udir.no))
- legg til rette for godt samarbeid med universitet og høgskular som skal bidra med støtte til den skulebaserte kompetanseutviklinga på skulane
- vurderer om dei skal nytte seg av tilbodet om støtte frå utviklingsrettleiarane
- stiller arbeidet med ungdomstrinnet til disposisjon for forskning tilknytta satsinga
- deltar saman med skuleleiarar og utviklingsrettleiar(ar) på kompetanseutviklinga Utdanningsdirektoratet tilbyr i satsinga
- legg til rette for at ressurslærar(ar) deltar på kompetanseutviklinga som Utdanningsdirektoratet tilbyr for desse
- legg til rette for at skulane kan delta i lærande nettverk
- gjer seg kjende med innhaldet i dokumenta og ressursane som ligg på [udir.no/Utvikling/Ungdomstrinn i utvikling](http://udir.no/Utvikling/Ungdomstrinn_i_utvikling)
- fordeler midlar mellom skulane i kommunen eller på tvers av kommunegrensene der dette er aktuelt
- supplerer arbeidet med egne ressursar ved behov
- rapporterer på innhald og bruk av midlar til Fylkesmannen etter avslutninga av pulje 2.

#### *Frikjøp av ressurslærarar*

Skuleeigarane som deltar i pulje 2 får tilbod om midlar til å frikjøpe ressurslærarar. Dette er kommunale stillingar for å styrkje kapasiteten på skulane i den skulebaserte kompetanseutviklinga. Skuleeigarane vert oppmoda til å samarbeide om å rekruttere og leggje til rette for bruk av ressurslærarar for å sikre et godt tilbod innanfor dei satsingsområda skuleeigar har valt.

Midlane til ressurslærarane er berekna ut frå at éin ressurslærar i *gjennomsnitt* dekkjer fire skular. Organiseringa av arbeidet må tilpassast lokale strukturar og behov. Den lokale organiseringa i pulje 1 har vist at det er ei utfordring at mange ressurslærarar har ein låg stillingsprosent, noko som kan ha innverknad på utøvinga av rolla sin slik ho er omtalt i *Plan for skolebasert kompetanseutvikling på ungdomstrinnet 2013-2017*. Skuleeigarane må sjå til at arbeidsoppgåvene som ressurslærar er tiltenkt samsvarer med ressurslæraren sin stillingsprosent slik at lærarane ved skulane får god støtte i utviklingsarbeidet.

Vi gjer merksam på at Statens bevilgningreglement § 10 gjev Fylkesmannen i Hordaland rett til å føre kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadene. Heile tilskotet eller delar av dette kan krevjast attende dersom pengane ikkje vert nytta i samsvar med gjeldande skriv. Riksrevisjonen har høve til å føre kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadene.

Med helsing

Anne Hjermann  
utdanningsdirektør

Eva Bendiksen  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*